



# TRIO IDRETTSLAG

## Årsmøte 2025



Foto: John Asle Hansen



Foto: John Asle Hansen

## Sakliste

### **Sak 1: Godkjenne de stemmeberettigede medlemmene**

Ingen innstilling

### **Sak 2: Velge dirigent(er)**

Styrets innstilling: Eskil Moen

### **Sak 3: Velge protokollfører(e)**

Ingen innstilling

### **Sak 4: Velge to medlemmer til å underskrive protokollen**

Ingen innstilling

### **Sak 5: Godkjenne forretningsorden**

Styrets innstilling: Vedlagte forretningsorden godkjennes

### **Sak 6: Godkjenne innkallingen**

Styrets innstilling: Innkallingen godkjennes

### **Sak 7: Godkjenne saklisten**

Styrets innstilling: Sakslisten godkjennes slik den ligger

### **Sak 8: Behandle idrettslagets årsberetning, herunder eventuelle gruppeårsmeldinger**

Styrets innstilling: Årsmeldingen tas til orientering uten merknader

### **Sak 9: Behandle**

#### **Sak 9.1 Idrettslagets regnskap**

Styrets innstilling: Idrettslagets årsregnskap godkjennes uten merknader

#### **Sak 9.2 Behandle kontrollutvalgets beretning**

Styrets innstilling: Kontrollutvalgets beretning tas til orientering

### **Sak 10: Behandle forslag og saker**

Ingen innkomne saker

### **Sak 11: Fastsette medlemskontingent og treningsavgift, eller gi fullmakt til å fastsette treningsavgifter.**

Styrets innstilling: Det innføres en ny medlemstype – «Ledere» - som gjelder for alle som har tillitsverv, trener/laglederroller eller andre roller i gruppene. For denne medlemstypen fastsettes kontingensten til NIFs minstesats på kr 50,-.

### **Sak 12: Vedta idrettslagets budsjett**

Styrets innstilling: Styret får fullmakt til å utarbeide budsjett for 2025. I forbindelse med organisasjonsutviklingsprosjektet skal lagets økonomistyring forbedres, og det forventes at årsmøtet fra og med 2026 behandler idrettslagets budsjett.

**Sak 13: Behandle idrettslagets organisasjonsplan**

*Redegjørelse om status for utvikling av organisasjonsplan*

Styrets innstilling: Redegjørelsen tas til orientering.

Sak 14: Foreta følgende valg:

14.1 Styre

14.2 Kontrollutvalg:

14.3 Representanter til ting og møter i de organisasjonsledd idrettslaget har representasjonsrett  
eller gi styret fullmakt til å oppnevne representantene

14.4 Valgkomité:

14.5 Gruppestyrer

Valgkomiteens innstilling til alle vervene ligger vedlagt. Innstillingen presenteres av valgkomiteens leder.

## **FORRETNINGSORDEN FOR GJENNOMFØRING AV ÅRSMØTE I TRIO IDRETSLAG**

### **1. Gjennomføring av årsmøtet**

1.1 Årsmøtet ledes av den valgte dirigenten, og skal gjennomføres i samsvar med NIFs lov og denne forretningsorden.

1.2 Enhver som ønsker ordet på årsmøtet, må melde seg til talelisten og kan bare tale til årsmøtet når dirigenten har gitt vedkommende ordet.

### **2. Taletid**

2.1 Medlem/årsmøtevalgt organ med forslag på saklisten, gis nødvendig taletid for å presentere forslaget.

2.2 For etterfølgende innlegg, er taletiden tre minutter for første innlegg, to minutter for andre innlegg og ett minutt for tredje innlegg. Ingen gis rett til ordet mer enn tre ganger i samme sak.

2.3 Etter forslag fra dirigenten eller et medlem/årsmøtevalgt organ, kan årsmøtet beslutte å:

- sette strek for de inntegnede talere
- sette strek for nye forslag
- øke antall innlegg
- endre taletiden
- gi taletid til personer uten talerett

2.4 Person med talerett som ber om ordet til forretningsorden har ett minutt taletid.

### **3. Behandling av forslag på årsmøtet**

3.1 Person som vil fremme eventuelle forslag/endringsforslag, under årsmøtet må meddele forslaget skriftlig til dirigenten og være signert av medlemmet.

3.2 Forslag kan bare fremmes i saker som står på saklisten.

3.3 Etter at saklisten er godkjent, kan ikke forslag som fremgår av saklisten trekkes uten at årsmøtet aksepterer dette.

### **4. Stemmegivning**

4.1 Stemmegivning gjennomføres i samsvar med dirigentens angivelse. Dirigenten skal klart angi hvilken sak det skal stemmes over..

4.2 Dersom det kreves eller er nødvendig med skriftlig avstemming, skal avstemming skje ved å benytte skriftlig skjema.

### **5. Protokoll**

5.1 Det føres protokoll over årsmøtets forhandlinger. Protokollen føres av de årsmøtet har valgt til å føre protokoll.

5.2 I protokollen innføres hvem som har hatt ordet i sakene, hvilke forslag som er fremmet, hvem som er forslagsstiller, hvilke vedtak som er fattet i den enkelte sak, og resultatet av avstemninger med antall stemmer for og imot og ev. blanke stemmer.

5.3 Protokollen skal publiseres på idrettslagets hjemmeside så snart den er godkjent.

# Årsmelding for 2024

Trio Idrettslag

## Styret

Eskil Moen	Leiar
Knut Prestnes	Nestleiar
Egil Jacobsen	Økonomiansvarleg
Maria Solheim Thorsen	Styremedlem
Herborg Irgens Sjo	Styremedlem
Håvard Solheim	Varamedlem

Styret har hatt 7 styremøte i perioden, i tillegg til at det har vore gjennomført to felles arbeidsmøte for styret og gruppene. Styret har hatt eit godt samarbeid.

## Prosjekt

### Klubbutvikling

Årsmøtet i 2024 vedtok at klubben skulle gjennomføre eit klubbutviklingsprosjekt, enten med ein prosjektilsett eller ved innleige av ressursar. Dei første månadene vart brukte på å leite etter ein person som kunne tilsetjast i eit 100 % engasjement over 12 månader, der jobben skulle delast 50/50 mellom dagleg leiar og klubbutviklar. Vi lukkast ikkje med å finne ein kandidat innanfor den økonomiske ramma styret meinte det var forsvarleg å bruke, og det vart derfor vedteke å gjennomføre klubbutviklingsprosjektet først, og deretter ta stilling til om det er forsvarleg å tilsetje ein dagleg leiar i klubben.

Klubbutviklingsprosjektet er todelt, ein del som handlar om ei felles klubbhandbok og ein del som handlar om organisasjonsplan. Klubbhandboka skal innehalde felles retningslinjer og køyre-reglar i Trio, og sikre at vi jobbar mest mogleg likt i dei ulike delane av klubben. Organisasjonsplanen skal ta for seg statusen i klubben no, og korleis vi skal utvikle klubben vidare.

Hovudstyret har jobba med klubbhandboka, og gruppene har arbeidd med sin del av organisasjonsplanen. Den opphavlege tidsplanen var at gruppene skulle levere sin del av organisasjonsplanen til nyttår, og deretter jobbe fram mot årsmøtet med klubbhandboka. Denne tidsplanen var for ambisiøs, og styret har derfor ikkje noko å leggje fram for årsmøtet. Vi ønskjer å kunne ferdigstille arbeidet før sommaren, men det er avhengig av at mange bidreg.

## «Grus til gress»

Arbeidet med kunstgrasdekke på grusbanen på Husnes er i full gang og er venta ferdigstilt i løpet av april. Kvinnherad kommune er byggherre og eigar av den nye bana.

## Kvinnherad Arena trinn 2


Vi har gjennom året jobba med byggetrinn 2 av Kvinnherad Arena, der ein mellom anna ønskjer å få på plass symjehall med meir. Kvinnherad kommune og Trio har gått inn med 250.000 kroner kvar til eit forprosjekt. Prosjektgruppa består av ordførar, varaordførar, Svein Røyrvik, Knut Prestnes og Knut Magnar Teigen, med Eskil Moen som observatør. Forprosjektet skal levere sin rapport til kommunen, med mål om at kommunestyret skal vedta utbygginga. Forventa ferdigstilling av forprosjektet er i første halvdel av 2026.

## Økonomi

Klubben sin økonomi er sunn og god. Eksterne bidragsytarar, som Kvinnheradstiftinga, er framleis ein viktig del av finansieringa av klubbens prosjekt. I tillegg har klubben gode sponsorinntekter frå lokalt næringsliv, som bidreg til å halde kostnadene nede for utøvarane. Styret takkar alle samarbeidspartnarar for at dei er med på å leggje til rette for sunn og god aktivitet for barn, ungdom og vaksne.

## Medlemmer

Klubben hadde i 2024 996 godkjende medlemskap, der 671 var under 20 år. Dette er ei auke frå 795 godkjende medlemskap i 2023. Godkjende medlemskap i dei ulike gruppene fordeler seg slik:



Styret vil takke alle medlemmar, trenrarar, leiarar og tillitsvalde for eit godt utført arbeid i 2024.

For styret,  
Eskil Moen  
Leiar

# Årsmelding for 2024

Fotballgruppa i Trio Idrettslag

## Styret

Eskil Moen	Leiar
Jim Are Hansen	Nestleiar, leiar senioravdeling
Espen Lillesand	Styremedlem, leiar ungdomsavdeling
Stian Sund	Styremedlem, leiar barneavdeling
Lena Medhaug	Styremedlem, arrangementsansvarleg

Styret har hatt eit godt samarbeid i perioden. Dei fleste sakar har vore løyst ved løpande korrespondanse, fotballstyret har hatt 4 fysiske møte.

## Økonomi

Økonomien er under press på grunn av bortfall av inntekter frå Husnescup. Difor har gruppestyret endra noko på retningslinjer for kor stor del av rekninga klubben tar når lag skal på cup. Tidlegare har dette vore dekka inn gjennom inntekter frå Husnescup, no må laga i større grad belaga seg på å finansiere slikt med laganes eigen dugnadsinnsats. Fotballgruppa bør byggja opp ein liten kapitalreserve sånn at ein ikkje går tomme for penger.

## Medlemmar

Fotballgruppa har hatt ein betydeleg auke i godkjende medlemskap frå 2023 til 2024. Noko av det skuldast antakeleg ei underrapportering for 2023. Vi hadde 376 godkjende medlemmar under 20 år, og 95 godkjende medlemmar over 20 år i 2024.

Vi har eit sportsleg tilbod til alle alderstrinn frå 7 år og i alle klasser i aldersbestemt fotball. Vi har diverre ikkje eit damelag på seniornivå, og vi har samanslåtte årskull på nokon lag på jentesida, men alle barn og ungdommar som vil spele fotball med Trio har eit tilbod. Særleg G19-troppen er veldig stor, med over 50 spelarar på slutten av sesongen.

På jentesida har vi hatt samanslåtte årskull for 2012/2013, 2009/2010 og 2015/2016. I andre klassar har alle årskull spelt i eigen klasse.

## Sportsleg

For A-lagets del var sesongen ingen sportsleg suksess. Laget rykka ned frå 4. til 5. divisjon, i ein sesong der det var store utskiftingar i spelartroppen. I ungdomsavdelinga har det gått betre, og fleire lag har hatt gode resultat på cupar og vunne sine divisjonar i serien.

Vi har hatt fleire lag som har spelt Rogalandsserie i staden for Hordalandsserie. Alle lag som ville dette fekk det innvilga av NFF.

## Støtteapparat

Vi har stabile støtteapparat på dei fleste lag. Nokon få lag har slitt med for få vaksne, som igjen har resultert i stor slitasje på dei som allereie har meldt seg. Utskiftinga i støtteapparat er forholdsvis lav, men etter sesongslutt blei det gjort endringar på ein god del lag.

To lag blir no trena av ungdommar frå eldre lag. Klubben syns det er svært positivt at eldre ungdommar har lyst til å gi tilbake ved å trenere andre.

## Keeperarbeid

Keeperutvalet består av Steinar Nilsen (leiar), Jogeir Gjerde, Erna Mikkelsen og Eivind Nissegård. Utvalet har hatt 4 møter i 2024. Det har vore gjennomført 4 keepersamlingar i samarbeid med NFF, der vi har satt fokus på keeperetrening i kubben.

I tillegg til dei fire keepersamlingane har vi hatt ei keepermønstring kor Rosendal og Halsnøy også deltok. Håkon Opdal, tidlegare keeper for Brann og Landslaget, var med og gjennomførte eit treningsopplegg med påfølgande foredrag i Kvinnherad Arena.

Jogeir Gjerde og Erna Mikkelsen deltok på Keepertrenerkurs B i regi av NFF, i Bergen.

Keeperutvalet har hatt fleire møte med trenarar og lagleiarar i klubben, med fokus på keeperutvikling.

## Dommerarbeid

Dommerarbeidet i Trio har vore labert dei siste åra. Halvveis i sesongen takka Lars Rørvik ja til å ta på seg rolla som dommaransvarleg. Lars har kome i gang med arbeidet, og legg opp til at klubben skal ha store ambisjonar på dommarsida. I 2024 måtte klubben betala gebyr til NFF for underdekning på dommarar. Vi har fleire dyktige ungdommar som dømmer for kretsen, men vi har for få, og rekrutteringa har vore for svak.

## Jenteutvalget

Gjennom arbeidet med Jenteløftet ønsker me å skapa gode møteplassar på tvers av aldrar, og jobba for at jentene får gode førebilete som dei kan sjå opp til. Slik stoda har vore, har dagens Jenter 17-lag vore dei eldste jentene som har spelt fotball i Trio dei siste tre åra. Heilt sidan dei blei tenåringer har dei altså ikkje hatt nokon over seg å sjå opp til. Samtidig ser me kor godt det spirer og gror i dei yngre klassane – ikkje minst på grunn av all den gode dugnadsinnsatsen som blir lagt ned av trenarar, lagleiarar og foreldre som følgjer opp og heiør på ungane våre.

Målet er få til litt felles arrangement, søkje om midlar til spennande prosjekt for jentene og vera ei ressursgruppe rundt jentene.

2024:

I Jenteutvalet gjennomførte me sommaravslutning for alle fotballjentene i Trio. Me delte dei i to aldersgrupper, 6-11 år, og 12–17 år. Me arrangerte ei lita treningsøkt først, så hadde me fotballturnering avslutningsvis med mixa lag. Me grilla pølser og serverte saft. Alle jentene fekk utdelt ei Jenteløftet t-skjorte.

Me har gjennomført 4 møter.

Me har satt opp ei liste med ting me har lyst å jobbe med:

1. Jobba for felles møteplassar for jentene. Til dømes felles treningar, kickoff, turneringar og liknande.
2. Ein draktpakke som passar for jentene.
3. Få fleire jentetrenarar/dametrenarar med rundt laga.
4. Ungdomsavdelinga: reise å sjå på Brann damene spela kamp i byen.
5. Søkje om økonomiske midlar til å gjennomføre aktivitetar for jentene.
6. Jobbe for å få fleire jenter/damer med i styret i fotballgruppa.

# Årsmelding for 2024

## Turngruppa i Trio Idrettslag



### Turngruppa i Trio il. har 4 hovudmål:

1. Vi skal ta vare på medlemane våre ved å tilby dei variert aktivitet med høg kvalitet
2. Vi skal auka tal medlemer som driv med bredde aktivitet. Alle som ynskjer det skal få vera med.
3. Vi skal leggje til rette for eit mangfaldig og inkluderande aktivitetstilbod for paraidrett til barn og unge med utviklingshemming
4. Vi skal ha kompetente trenarar som skapar glede og meistring i gym og turn

Turn er grunnlaget for all idrett. Å få trene/leike med små born og utvikla koordinering, motorikk og idrettsglede er ei glede og inspirasjon for oss som er med i turngruppa. Vi har 260 medlemer frå heile Kvinnherad og 43 trenarar stiller frivillig kvar veke og trenar 13 ulike parti. Vi er ein av dei få idrettslaga som har eit tilbod for born under skulepliktig alder. Vi har Gymleik/turngrupper i aldersklasse frå 2 år og oppover. Ein av målsetjingane vår er at vi skal leggje tilrette for eit mangfaldig og inkluderande aktivitetstilbod. Derfor er vi særstolte over å ha eit parti for born og unge med utviklingshemming. Det er paraturn- all-idrett.

### Styrearbeid og samansetjing:

Styret består av 5 medlemer.

Leiar: Gry Hege Grønningen

Sportsleg leiar: Anneli Rønstad

Medlemsansvarleg: Roger Røssland

Arrangement og sal: Liv Inger Engevik

Utstyr og aktivitet: Aleksander Blokhus Ekeland

Styret har hatt 5 styremøte. Vi har utarbeida forventningsbrev til foreldre/føresette og vi har utarbeida ein instruks for trenarar og hjelpetrenarar. Vi har arrangert 3 trenarmøter og eit foreldremøte. Vi har også arrangert den tradisjonelle juleoppvisninga.

Vi har utarbeida ein strategi for avskaffa ventelister på born som ynskjer å delta på turn. Årsplan er også under arbeid.

Styret har arbeida for å få til ei god lagerløysning. Dette har tatt litt tid. Vi ser no lys i tunellen då vi har fått til eit samarbeid med Kvinnherad Arena og Kvinnherad kommune.

Sportsleg leiar har planlagt treningsopplegg til dei ulike gruppene, etter ynskje frå trenarane.

Sportsleg leiar vil også laga ein sportsplan med utviklingstrapp til dei ulike aldersgruppene

### Økonomi:

Utgifter:

Styret synast det er viktig å investera i trenarane som stiller opp på dugnadsarbeid kvar veke.

Turngruppa har dette året investert i treningskle til trenarane. Dette var noko vi ikkje hadde på plass frå før. Dette vart ein stor eingongskostnad no i år. Trenarane har fått sommargåve og vi har hatt trenamøter der vi har servert mat. To av trenarane våre har og vert på helgekurs i Bergen og fått dekka reise og opphald.

#### Inntekter:

Turngruppa sine inntekter kjem dette året frå medlemskontingent og inntekter frå juleoppvisninga (inngangspengar og kiosksal) Vi har og søkt om pengar til fornying av utstyr og fått ei gåve frå Kvinnherad-stiftinga på 30000 kr. Den gav fekk vi no på nyåret 2025.

#### Kompetanseutvikling:

Turngruppa har som mål at vi skal ha kompetente trenarar som skapar glede og meistring i gym og turn. For å nå dette målet har vi gitt tilbod om kurs til trenarane. I år var det to stk. som reiste på kurs. Planen vidare er at desse to skal laga lokale kurs for trenarane våre.

Sportsleg leiar lagar treningsopplegg til dei ulike gruppene og vegleiar trenarane.

Utfordringa vår når det gjeld kompetanseheving er at alle kursa vert arrangert i storbyane. Dei fleste trenarane våre er småbarnsforeldre, og det er ikkje så lett å setja av ei heil helg til kursing. Vi har prøvd å signalisera til kretsen at vi ynskjer at det skal verta arrangert kurs i Kvinnherad Arena. Det har ikkje lukkast oss å få dette til enno, men vi skal fortsetja å melda behovet vårt nå det gjeld kompetanseheving

#### Medlemsutvikling:

Alle skal få vera med:

Turngruppa i Trio har stor pågang frå barn og unge som ynskjer å driva med gymleik, turn og paraturn, all-idrett. Dei siste åra har vi hatt svært stor pågang og etterspurnad frå born som ynskjer å starta i turngruppa. Det var lange ventelister i dei fleste gruppene. Det er særleg stor etterspurnad i dei minste aldersgruppene. Våren 2024 bestemte styret seg for å sletta alle ventelister med mål om at alle som ynskjer det skal få starta i turngruppa. Vi starta eit arbeid med å skaffa fleire trenarar og i haust kunne vi utvide med 6 grupper og gruppa fekk 100 nye medlemer. Vi hadde som mål at vi i 2024 skulle vera 250 medlemer og et er eit mål vi har nådd.

Utfordringa vår framover vil vera treningstider for nye grupper. Turngruppa har fantastiske forhold i basishallen i Kvinnherad Arena. Vi har alle treningane der. For å få plass til alle gruppene har vi trening alle dagar i veka, utan laurdag. Styret og trenarane strekkjer seg langt for å få treningstidene til å gå opp og det er noko som vi vil fortsetja med. Vi er opne for moglegheitene og er kreative og løysningsorienterte.

For turngruppa: Leiar Gry Hege Grønningen



# ÅRSMELDING 2024 – IL TRIO VOLLEYBALL

## Generelt frå gruppestyret

Styret i Volleyballgruppa jobbar for å legge til rette for aktivitet, skaffe inntekter til å finansiere aktiviteten samt å generelt arbeide for å auke aktiviteten i gruppa.

Sentrale aktivitetar/milepælar gruppa har gjennomført i 2024 :

1. Medlemstallet er steget
2. Volleyballgruppa har fått et godt fungerende styre og trenergruppe
3. Volleyballgruppa har starta med 3. divisjon herrelag og J19 lag
4. Volleyballgruppa har lykkes med prosjektskriving, har fått støtte av Sparebankstiftinga Kvinnherad, Sparebanken Vest, og har fått gode draktsponsorer som får sin logo eksponert på draktene til alle laga i Volleyballgruppa
5. Volleyballgruppa har gjennomført dugnader på sandbanen og har hatt sommeraktiviteter på i form av mellom anna sandvolleyball turneringer
6. Volleyballgruppa har fornya innhaldet på heimesida vår.
7. Volleyballgruppa har hatt familier til åpen dag i idrettshallen, med mange forskjellige aktiviteter, lek og avsluttet med fine premier.
8. Volleyballgruppa har kjøpt inn mye nytt utstyr - volleyboller, skap og utstyr for lett styrketrening
9. Volleyballgruppa har arrangert stor seriehelg med eit stort antall tilreisende lag der ca. 250 spelarar var i aksjon. Vi fikk mye skryt igjen for arrangementet som var det store arrangementet Volleyballgruppa hadde i Kvinnherad Arena
10. Volleyballgruppa har fått nye overtrekks drakter til alle lag i gruppa.

Vi ønsker utdanna nye trenerer å rekruttere nye medlemmer. Klubben har brukt lokalavisa og facebook til å informere om hvilke muligheter vi har, og hvilken visjon har vi i dag. Rekruttering av barn og ungdommer går gjennom facebook side og gjennom «venn til venn metode».

Å være en del av et fleridrettslag har fordeler og ulemper – og det er behov for at Hovedstyret i Trio har forståelse for arbeidet som blir gjort i gruppene og på ein positiv måte legger til rette for aktivitet i dei ulike undergruppene.

## Mini 2.-4. klasse

I minilaget har hatt 8 medlemmer der tallet ikke er heilt sikkert per i dag, derfor at mange av dem trener sammen med eldre. Mini laget reiste til Øystese 10. mars sammen med laget til Tormod Oppdal Gjerde sin J 5-7 klasse. Dette er noe som spellerne kan sjå fram til, og være med å motivere for oppmøtet. Trenerer er fornøyde med og synes treningene har gått veldig bra – og antall spillere er økende. Unge trenerer jobber med å få Spond/seinere Hoopit oppe å gå, og håper at dette kommer å fungere bra ganske snart.

Trenarar for miniklasse: Thea Elise Eliassen og Oline Skogseth

## Jenter 2011-2013

Nystartet lag høsten 2023 med tidligere volleyballspiller på Trio, Tormod Gjerde Opdal, som trener Totalt 15 aktive spillere per januar 2024. En flott gjeng med stor iver og stor spilleglede, mye energi og entusiasme. Laget har trening hver mandag i Kvinnherad Arena 18.30 til 20.00 og torsdag fra 18.00 til 19.30 i Husneshallen. Målet var for 2024 er å delta på minimum to turneringer, første i Bergen i februar. Målet er gjennomført. Hovedmålet er at jentene skal ha det gøy på trening og sjå gleden i lagspellet volleyball.

Trener : Tormod Gjerde Opdal

### **Jenter U15**

Vi starta året med eit svært godt tilslig av nye spelarar, varierande i alder frå 11 til 15 år. Etter siste turnering fortsette vi med treningar to dagar i veka og i denne perioden fekk vi med oss fem nye jenter. Det er veldig kjekt med god rekruttering, men samtidig gir det og utfordringar i det å skapa ein god treningskvardag der alle jentene får utvikla seg i naturlig tempo.

Etter sommarferien starta vi opp igjen med treningar i slutten av august, der dei fleste av jentene frå forrige sesong fortsatt var med. Noen jenter har gått over til J17 laget.

Under seriehelga på Husnes, 19. november, valgte vi å stille med dei eldste jentene våre (13 – 14 år), med unntak av dei to ferskaste, slik at dei kunne kjenne på nivået dei skulle strekke seg etter. Dei vant ein kamp og tapte tre, men klarte seg svært bra og spelte stort sett jevnt med alle laga. Med bakgrunn i dette såg vi det som meir naturlig å fortsette i denne klassen, all den tid jentene virkelig hadde vist at dei høyrt heime der.

Utover høsten har jentene virkelig tatt store steg og spelar no god volleyball. Vi har terpa mykje på basissлага, og det ser vi no igjen i spelet. Vi har gode mottak som gjer det mulig å få eit godt legg og, til sist, ein god smash. Framover er plan å starte med system, i første omgang 4-2, slik at jentene kan spissast meir i individuelle egenskapar.

Trenar for JU15 : Tormod Opdal


### **Jente 17**

Etter grundig jobb og rekruttering, startet vi ny sesongen med 13 jenter. Mange av spelarane er nybyrjarar - derfor er det viktigaste å få på plass teknikken og samspel som lag.

Jentene er gode til å gå på trening og utviklar seg stadig. I den første seriehelgen spilte vi ganske bra alle kampane, men i seriehelga på heimebane i november hadde vi så mange spelarar at vi stilte opp med 2 lag. Utviklingen går stadig opp og noen av jenter begynte å trenre sammen med damelaget.

I jentelaget jobber vi mye med forskjellige prosjekter - «Hvordan å være en kvinne i mannlige verden» og «Blokk mot mobbing» Vi har vært med i prosjektet med sittevolleyball og vi har blitt en av heldige hvem har vunnet premie 20000 nok, som skal brukes til å reise på turnering i utlandet.

Laget trenar 2 ganger i veka – der jobb nok påverkar treningsframmøte negativt på torsdagstreningane.



Trenarar : Sille Tars og Rivo Tars

### Gutar 17



Gutelaget begynte året med få spelarar, men mot slutten av året har fleire og fleire unge gutter funnet veien til Kvinnherad Arena. I laget har det vært relativt stor variasjon både i alder og utvikling.

Gutane trenar to ganger i veka og har stor interesse i å utvikle seg og vera med på seriehelger. I laget har ein stor vekt på det sosiale, at alle får oppleve at dei har verdi og får delta på laget.

Trenarar : Javier Arraya og Jostein Tøkje Berntsen

## 2.divisjon damer



Damelaget beholdt størstedelen av spelarstallen før sesongen 2023-2024. Frå sesongen før var Kristin Bjelland Nordtmømme og Nanett Halwe borte, men Renate Engelsen Hortman var tilbake etter barselspermisjon og Amalie Ynnesdal etter langtidsskade. I tillegg hadde juniorspelarane som vart tekne opp før sesongen 2022-2023 fått meir erfaring, så laget hadde eit godt grunnlag for sesongen. Det var fokus på trivsel og utvikling noko som ein vurderer å ha lukkast med, og sesongen vart avslutta midt på tabellen. Laget gjorde mange gode prestasjonar gjennom sesongen, og endte på ein fin 4.plass på tabellen. Dette var nok ei «riktig» plassering då ein vant alle kampane mot laga som endte bak på tabellen, mens ein ikkje lukkast med å vinne mot laga som endte framfor på tabellen. Fokus var også sesongen 2023-24 på utvikling og trivsel. Dei «ferskaste» spelarane i gruppa har utvikla seg godt gjennom sesongen, samtidig som dei meste erfarne spelarane har bidrige med si erfaring til gode prestasjonar.

Etter at sesongen 2024-2025 er halvspelt liggjar laget også denne sesongen i «midtsjiktet» på tabellen, og kan ende på 4. til 6. plass avhengig av prestasjonar og resultat i dei siste kampane. Laget har denne sesongen teke opp fire nye juniorspelarar – desse har både vist fin utvikling og bidrige godt til laget sine prestasjonar gjennom sesongen 2024-2025. Framover blir det viktig at klubben kan få fram spelarar som kan koma inn på damelaget med gode basiskunnskaper og at vi kan utvikle spelarar som kan prege kampar i 2.divisjon – særleg er dette naudsynt dersom vi ønsker å utfordre dei beste laga i divisjonen.

Trenarar

Trenarteamet sesongen 2023-2024 var Eirik Sævareid, Øystein Lie Sundal og Øystein Slåke.

### 3.divisjon herrer



Nyoppretta herrelag som består av både unge og eldre spelarar. Herrelaget trenar ein gang i veka. I begynnelsen av sesongen trodde ingen at det ville bli eit herrelag, men etter nokre treningar og aktivt sok etter nye spelarar, er det blitt ein tropp på 14 til 16 spelarar. Herrelaget har en sosial gjeng som reiser på turneringer med stor vilje å vinne, men dessverre så lenge har de tapt alle kampene.



Trenarar : Javier Arraya og Rivo Tars



Husnes, 17.01.2024

Styret IL Trio Volleyball

# Årsmelding Trio friidrett 2024



Frå starten på «Knøtteløpet» under Kvinnheradmeisterskapen, 100 meter for 0-5-åringane. Foto: Grenda.

Friidrettsgruppa har hatt eit år med god aktivitet og gode prestasjoner. Vi er ei lita gruppe, og bygger oss gradvis opp. I året som har gått har vi fått i gong enda ei treningsgruppe, og har no 4 grupper frå 6-14 år. Friidrettsgruppa brukar Trio si nettside aktivt rundt våre arrangement. Vi har i tillegg ei eiga Facebookside for Friidrettsgruppa, men syt også for å alltid bruke Trio si felles Facebookside til å nå ut med informasjonen vår. Det er viktig for å nå ut til flest mogleg. Treningsgruppene brukar i tillegg Spond til intern informasjon om treningar.

## Styrearbeid og styresamansetning

Det har vore 2 styremøter gjennom året, tilknytta aktivitetene våre. I tillegg møte med Lions om Løveleikene, som som 29.juni vart arrangert med rekordstor deltaking. I styret har vore Are Ulseth (leiar), Ingunn Sæverud Jensen (nestleiar), Årstein Eik, Arne Torget, Dagfinn Jensen, Tor Harald Bringedal. Det kan vera trøng for å styrke styret noko for å etablere meir aktivitet i året som kjem, men vi er i høg grad eit utøvande styre.

## Økonomi/støtte

Dette året har vore relativt beskjedent på økonomisida. Noko i minus i rekneskapet, grunna eit ekstraordinært utstyrskjøp, sam at vi ikkje har fått overføringer frå hovudlaget, som vi budsjetterte med (grasrot/kontingent/momskompensasjon).

Vi har forlenga sponsoravtalen med Tysnes Sparebank, som hovudsponsor for friidrettsgruppa med tre nye år. I tillegg har vi ein sponsoravtale med Husnes Møbel. Pr desember 2024 har vi to reklameskilt på stadion. Vi fekk ein betydeleg sum frå Sparebank1-stiftinga til stativ for stavhopp samt fleire hekkar, noko som gjer at vi er betre rusta i øvingar som er populære blant våre aktive ungdomar. Støtte frå stiftinga gjorde også at vi kunne gjennomføre Løveleikene i lag med Lions, som vi også takkar for uvurderleg støtte. For 2025 har vi også vorte løyvd støtte frå Hydro til å gjennomføre Løveleikene.



Alexandra, Ådne og Sander i aksjon med nytt utstyr.

Våre mest aktive ungdomar deltek også på ein del stemner rundt om på Vestlandet, så vi er avhengig av dei faste fordelingane frå hovudstyret (kontingent, kompensasjonsmidlar, grasrotandel) for at budsjettet skal gå i hop. Elles er det ei handfull år sidan friidrettsgruppa fekk eigen økonomi og ikkje lenger berre høyrer under hovudlaget sitt rekneskap. På denne tida har vi også vist at vi klarar å drive utan årlege driftstilskot frå hovudlaget. Vi held fast på vårt mål om at så sant ein har betalt medlemsskap i idrettslaget, skal det ikkje vera nødvendig å betale treningsavgift i friidrettsgruppa.

## Aktivitet

### Treningar

Vi har hatt stor oppsving på treningsfronten. Vi har etablert nesten fulle treningsgrupper på inntil 15 faste utøvarar i både 6-7 år, 8-9 år, og noko færre i dei eldste gruppene 10-11 år og 12-14 år. Ergo har vi over 50 aktive ungar i friidrettsgruppa no. Vonleg klarar vi å oppretthalde det også neste år. Vi har klart å styrke oss med å få med fleire på trenarsida og altså starta tilbod for dei aller minste.

Attpåtil har vi fått betre treningstilhøve vinterstid. Medan vi tidlegare var avspist med gymsaltreningar, har vi etter opninga av Kvinnherad Arena fått nokon faste tider der. Å disponerer område med løpedekket i Kvinnherad Arena løps- og hekketrening med god kvalitet, er veldig kjekt. Diverre fekk vi ikkje tider i Husneshallen denne vinteren, så dei yngste gruppene må klare seg med gymsaltreningar.

Med utspring i triathlongjengen er det felles løpstreningsar 3 gonger i veka. Vår veldig aktive Triathlon-/løpegruppe er inkluderande og flinke til å annonsere ulike treningsøkter.



Alltid god stemning i løpegjengen.

### Arrangement

Som nemnt arrangerte vi **Løveleikene** igjen, denne gongen som eine-arrangør, då dei lokale Lionsklubbane no er nedlagt. Likevel har vi uvurderleg hjelpe til gjennomføring i tidlegare Lionsmedlemmar og karar frå Trio sin onsdagsgjeng. Årets Løveleiker vart ein formidabel festdag. Sidan det vart samkjøyd med leir på Halsnøy Folkehøgskule er deltakartalet over dobla og no om lag 90 deltakarar. Dette må vi klare å føre vidare!



Stor iver i kuleringen på Løveleikene.

